

NVE
Konsesjonsavdelingen, Pb 5091 Majorstua
0301 Oslo

NVE refnr: NVE 200803805-38 ksk/bjro
Arkiv: 312/082.5Z

Uttalelse for Brekkefossen Kraftverk AS – Søknad om tillatelse til bygging av Brekkefossen kraftverk i Fjaler kommune, Sogn og Fjordane.

Viser til dykkar brev datert 4/3-14, der dere ber om berørte parters innstilling til endringar i ny konsesjonssøknad. Sidan vi ikkje har fått tilsendt ny/endra konsesjonssøknad av søkjar, har vi som part og eigar i Brekkefossen Kraftverka AS, følgjande merknader/kommentar til ny konsesjonssøknad tilsendt frå NVE 4/3-14:

- i) Ref punkt 3.12 i konsesjonssøknad. Gården Tømmerbakke har i alle år vore avhengig av å kunne fylle opp drikkevasskjelda vår (bekken) frå den no planlagde utbygde elva. Dette har vore viktig i tørre periodar, og spesielt no etter at det vart installert vassklosett. Skulle bekken gå tom for vatn, vil det seie at Tømmerbakk ikkje vert buande i denne perioden. Vi ser at det er søkt om 50l/s heile året. Vi stiller oss negativ til om dette kan vere nok minstevassføring på den gitte strekningen til av vi kan sikre oss tilgang på nok vatn i gitte periodar. I førre søknad og i brev datert 16/7-12 frå Søkjar, opna vi opp for minstevassføring på 200l/s. I same brev av slo Søkjar «Turlaghølen» som eit alternativ som ikkje ville kunne realiserast som økonomisk og ikkje sett som eit alternativ. Denne er det no søkt om.
- ii) Rapporten som ligg føre i søknad gjeldane «Kartlegging og verdisetting av biologisk mangfald i forbindelse med kraftutbygging» utført av Bioforsk, er basert på ei minstevassføring sommarstid på 180l/s og 90l/s på vinterstid. I konsesjonssøknad frå Søkjar pkt 4.1 i, er det vurdert som liten eller ubetydleg effekt på elva som landskapselement og opplevelsekarakter for friluftsliv og ferdsel med 50l/s, basert på nye data.
- iii) Vi ser også at med den omsøkte minstevassføringa, kan by på utfordringar med nye dyretråkk, då det vert lettare å forsere elva. Dette vil evt medføre ekstra inngjerding langs den berørte strekningen.
- iv) Ref pkt 1.5. Så er det under utbygging eit minikraftverk i Storelva lenger nede i dalen, Storelva kraftverk (Småkraft AS)
- v) Vidare så bør ein gjere ei vurdering av plassering av kraftstasjon. Eksisterande kraftstasjon (Stordalen) avgir til tider ein svært sjenerande høgfrekvent lyd ved eit gitt driftsområde. Dette er på tider då det er finast vêr, og såleis eit irritasjonselement når ein er ute.

Med venleg helsing
Sylvia og Fredleik Nyland